



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

1
ROGALAND

1976

Namnet på vatnet Skjelleidsvatnet
Kommune Tvedestrand

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

S T O K K A D A L S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 6. aug. 1976.

Vatnet ligg i Vindafjord kommune, nærare stadfest i Stokkadalen i Vats, og på sørsida av vegen mellom Stokka og Torstveit.

Arealet er omlag 50 ha. og h.o.h. 151 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men etter det ein har fått opplyst skal største djup vera på ca. 80 m. Større grunnlendte vikar og partier vil ein finna fleire stader innimellom.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, nøkkeroser, flotgras, siv og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner for det meste om skogsmark, der det veks blandingskog av furu og bjerk. Vidare vil ein finna noko dyrka mark og kulturbeiter i nedslagsfeltet.

Hovudtilsiget er "Gjuvabekken" i nord og "Storelva" i aust.

Forutan desse fell det inn fleire større og mindre bekketilsigymse stader.

Avlaupet renn ut i nord og går om "Vatnakvamsvatnet" ut i Vatsfjorden.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 7.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul.

Surheita pH er målt til 5.2 som er noko surt, men likevel godt brukande for yngel og småfisk.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1.6 mg/l og den totale hardheita 3.0 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne 38.0.

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 12 fjørmyggelarver, 1 vårflugelarve, 1 dafnie,

1 ringorm og 1 fåberstemark - i alt 160 individ pr. m².
5.0 meteren gav som resultat 15 fjærmygglarver, 2 fåberstemark,
1 vårflugelarve, 1 vannmidd og 1 igle - tilsaman 200 individ pr.m².
Samla resultat syner at der er medels bra med næringsdyr i vatnet.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontalttrekk på ca 50 m, og eit vertikalttrekk på 10.0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som medels rike og der dyreplanktonet dominerte (hoppekreps).

Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Feskvassaure, røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 56 aurar og 4 røyr.

Fordeler vi heile fangsten på omfara får vi denne grafiske fram-
syninga.



Ei grafisk framvisning av auren fordelt på cm-klassar vil sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 31 aurar og av desse var 26 røde, 4 lys-røde og 1 kvit i fiskekjøttet.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

Vidare var der 13 hanfiskar og 18 hofiskar.

18 fiskar (58%) var gytefisk- resten gjøllfisk.


Medel fyllingsgrad 3.3.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

| | Alder ved vinter | | | | | |
|------------------------|------------------|-----|------|------|------|------|
| | 1år | 2år | 3år | 4år | 5år | 6år |
| Medellengde i cm | 4.1 | 8.6 | 14.2 | 20.0 | 24.7 | 28.6 |
| Årleg lengdetilv. i cm | 4.1 | 4.5 | 5.6 | 5.8 | 4.7 | 3.9 |
| Antall fiskar | 31 | 31 | 30 | 30 | 26 | 6 |

Medel kondisjonsfaktor = 1.11 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Stokkedalsvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, ligg lengdetilveksten litt i underkant av normalen dei fyrste 3 åra, men vidare syner auren ein stort sett normal lengdetilvekst.

Fisken går mot ei maksimal lengd på ca. 35 cm men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Nå vil der sjølvstgått finnast aure som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar" men der er neppe mange av desse. Dette er aurar som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels næringsrikt og med eit fiskebestand som ser ut til å vera bra avpassa næringsferrådet.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse ikkje så gode som ynskjeleg. Vatnet har ein noko låg pH og dette skuldast det sure regnvatnet vi i dag får. I sørlege og vestlege vindretningar kjem industriroyken frå kontinentet innover Sør-Vestlandet og fell her ned saman med nedbøren. Om nedslagsfeltet då ikkje er i stand til å nøytralisere dei stoffa industriroyken inneheld (svovelsyrling m.fl.) kan det lett gå galt.

Botnprøvene og planktonprøvene gav eit medels bra resultat, og omfarfordelinga saman med cm-klasseinndelinga syner, at der er fisk av ymse årgangar og storleikar. Vekstkurven er stort sett tilfredstillande.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei vesentleg rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode.

Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjelve næringsgrunnlaget i eit vatn.

I nedslagsfeltet for Stokkadalsvatnet vil ein finna noko dyrka mark og kulturbeiter, og tilsiga herfrå dreg i positiv lei.

Storparten av nedslagsfeltet er likevel skrint og tilsiga herfrå fører noko surt vatn. Kjem pH under 4,9 reknar ein gjerne at fisken vanskeleg vil kunna formere seg. Framleis skulle her vera litt å gå på før denne grensa er nådd, så ved av og til å ta ein tur over gyttebekkene for å sjå om der er yngel og småfisk, vil ein få eit bilete av tilhøva. Yngelet og småfisken tåler mindre surt vatn enn større fisk så det er desse som fyrst blir borte.

Under prøvefisket vårt lukkast det også å få 4 røyr og dette var fisk av mykje god kvalitet. Når vi ikkje fekk meir av dette fiske-slaget skuldast det at røyra held til i dei djupare vasslaga og kjem berre opp på grunnane ved gytetider om hausten.

Gytetilhøva både for aure og røyr er gode i Stokkadalsvatnet og vil under normale tilhøve kunna sikre ei tilfredstillande rekrut-tering.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarane til Stokkadalsvatnet går saman og skipar til eit grunneigarlag (fiskelag), då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einstilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

M.o.t. surheita i vatnet er det lite ein kan gjera. Gjødsling og kalking av fiskevatn har vorte prøvd, men det heile tittel ofte kostbart og er ikkje noko eingongsaffære då gjødselverknaden vil bli utvaska og ny gjødsling må tilførast. Det som kan koma på tale i dette høve, er å tilføre gytebekkene kalkstoff, om det seinare skulle syne seg å bli naudsynt.

Både aure og røyr er av mykje god kvalitet og ser ut til å vera bra avpassa næringsforrådet. Den fiskinga som har vorte foreteken i dei seinare åra må såleis halde fram som før.

Røyra har som kjent stor formeringsemne, og lett for å bli dominerande i vatn der aure og røyr er i blanding, men dette ser ikkje ut til å vera tilfelle her.

Ålen er ein godt betalt matfisk (ca. kr. 15.00 pr. kg) så grunneigarane må nyttiggjera seg utgangsålen. Ved å montere ei ålemér (ålefelle) på utfallsbekken vil ein kunne fange denne. Det er om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Vatnet burde vore åpna for sportsfiske, slik at dei som ynskjer det kunne få gå med fiskestanga, mot å løyse fiskekort. Alt garnfiske må grunneigarane sjølve ta hand om. På denne måten vil ein kunna få nokre innkomer og vidare få det heile meir under kontroll. Stokkadalsvatnet er litt av ei perle, så det var å vone at fiskebestandet i åra framover vil halde seg på det nåverande nivå.

Stavanger 16. mars 1977

Einar Berg